

## Stor hogstauke kjem på Vestlandet

04.11.2010



Tømmerlastingen går her for fullt på Børnes kai i Uskedalen og enda travlere vil det bli der i åra som kjem.

**Hogstkvantumet i Vestskog sitt område Hordaland og Rogaland blir 150.000 kubikkmeter i år medan det var 135,000 i 2008 og 125.000 i 2007.**

**Likevel er det grunn til å venta ein stor auke også i åra som kjem.**



Vidar Jørdre spår sterk auke i hogsten

Det understreka tømmerseier Vidar Jørdre i Vestskog under skogkvelden i Grendehuset i Bringedalsbygda ikveld. Den venta auken har samanheng med den omfattande plantinga som fann stad i si tid og som Jørdre karakteriserer som enorm. Om nokre år blir denne skogen hogstmoden og hogsten må då skje nærmast uansett prisnivå.

Jørdre uttrykte glede over at det har lukkast å knyta Iver Blokkum til staben av skogbruksleiarar. Han skal dekkja Kvinnherad, Midthordaland og Sunnhordland med kontorstad i Kvinnherad medan dei før dekkja dette området frå Granvin.

Av årets kvantum blir 20.000 kubikkmeter avvirka av skogeigarane, 15.000 med taubane og 115.000 med hogstmaskinar av entreprenørar .

Vestskog har også eit skogkulturprosjekt og det blir planta 290.000 eksemplar etter stor innsats av ein gjeng slovakar på frå 4 til 8 mann.

Arve Aarhus frå Suldal tok for seg hjorten og sa at det ikkje er noko hokus pokus å styra ein hjortebestand - det kan skje ved jaktuttak.

Men bestanden har i dei seinere åra auka kraftig fordi forvaltninga har vore for lite styrt. No er utfordringa å skyta tilveksten utan at det har utilsikta følger for bestanden.

Aarhus trudde at hjortebestanden her i landet ikke lenger vil vera så dominerande på Vestlandet. Den vil jamne seg ut kraftig om til dømes 30 år ved at den største veksten kjem aust for vannskiljet.

Skogkvelden vart leia av Terje Natland frå kommunen og det var i overkant av 20 på møtet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Også Felleskjøpets Jorunn Bakke Leikvoll var på plass og frista mellom andre Trond Holmedal frå Utåker, Terje Øverland frå Åkra og Leif Flaten frå Sunde.